

26.02.2011

**Busslommane kjem snart**

For to år siden vart dette biletet teke på Ljosnes - av representantar frå kommunen, vegvesenet og grunneigarane. Først no tar det til å skje noko med prosjektet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ei av dei langdryge sakene i Uskedalen går no mot ei løysing etter mange purringar. Det er iferd med å skje noko i saka om busslomme - eller rettare busslommar - på Ljosnes.**

**Det er i alle fall for ei tid sidan sendt ut nabovarslar av Norconsult i Bergen som kommunen har overlete prosjekteringen til. No har merknadane kome inn og er kommentert av Norconsult.**

Kommentarane frå Vebjørg og Svein Bøyum og Inger Ljosnes Søvik gjeld dei private stikkleidningane for vatn til hus og hytter og at disse vert ivareteke når dei nye busslommene blir anlagt.

Norconsult opplyser at vassleidningen ved foten av vegskråning og parallelt med vegen ligg utanfor den planlagde støttemuren.  
Vassleidningen må liggja utanfor fundament for støttemur og eventuell omlegging eller justering av plasseringen vil bli gjort hvis det viser seg nødvendig.  
Vassleidningen vil bli lagt på frostfri dybde, eventuelt sikra med isolasjon.

Vassleidningen som krysser vegen vil bli lagt i varerør/beslyttelsesrød under støttemur og ellers på den strekning den kjem i berøring med anleggsarbeidene.  
Norconsult meiner desse tiltaka vil sikra eksisterande vassleidningar og at merknadane frå naboar dermed er imøtekome

Det er Gunnar Røsseland som skal ha

oppdraget med grunnasrbeid og asfaltering.  
Grunneigar Inger Ljosnes Søvik skriv i ein  
merknad at dei på Ljosnes er glade for busslomma  
som vil bli ei stor forbetring for alle på staden.

Av Ola Matti Mathisen